

STADFESTING AV GJENNOMFØRT SYNFARING 20-12-2017:

Den 20.12.2017 blei det gjennomført synfaring på gbnr 27/4 (27/73) i samband med krav om tiltak framsett av Bjørn Hammersvik, sist ved brev datert 12.09.2017.

Tilstade på synfaringa var, i tillegg til Bjørn Hammersvik, følgjande personar frå administrasjonen i Meland:

- Egil Gripsgård
- Harry Finseth
- Kristin Moe
- Tore Johan Erstad

Bjørn Hammersvik fekk høve til å skildre dei overvatn- og dreneringsproblem som tiltaket (tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr 23/73) inneber for eigedomen gbnr 27/1 (omtalt som punkt 1-8 i brev datert 12.09.2017). Hammersvik krev at kommunen følgjer opp saka ovanfor dei ansvarlege slik at tilhøva blir retta opp.